22.02 Borgny Nerbu f. 1920

25.02 Peder M. Bolme f. 1926

05.03 Gerda Ingeborg Walltin f. 1925

07.03 Ragna Fosseide f. 1920

18.03 Mildrid Eide f. 1917

22.04 Sigvald Kattem f. 1916

**STANGVIK**

24.02 Nelly Svorken f. 1916

19.03 Laura Lien Haugen f. 1916

24.03 Halvor Sivertsen f. 1937

12.04 Johan N. Nordvik f. 1930

24.04 Ingrid Kvande f. 1914

**TODALEN**

01.04 Oskar Gjeldnes f. 1932

Forts. neste side

Forts. frå føregående side

#### ÅSSKARD

04.04 Paul Bævre f. 1925

#### ROMFO

05.04 Kari Anne Hallan f. 1983

#### HOV

04.03 Hilda Irene Hage f. 1936

07.03 Bjørg Furu f. 1922

09.03 Svein Sund f. 1933

13.03 Ellen Kamsvåg f. 1915

14.03 Bjarne Kvande f. 1928

15.03 Ingeborg Nyland f. 1927

27.03 Viggo Hanssen f. 1923

03.04 Laura Furu f. 1924

04.04 Jarlaug Wullum f. 1946

15.04 Anne Vollan f. 1924

#### ØKSENDAL

10.03 Kitty Marene Torvik f. 1920

#### ÅLVUNDEID

22.02 Helga Mo f. 1917

11.03 Maria Ledal f. 1916

02.04 Margit Aram f. 1922

#### ØYE

19.03 Tor Olav Langholm f. 1952

(bisatt i Nordlandet kapell)

13.04 Mali Møkkelgjerd f. 1912

22.04 Asta Nanna Moen f. 1924

#### RANES

19.01 Guttorm Røv f. 1924

22.03 Olav J. Røv f. 1912

29.03 Inger Elisa Forberg f. 1928

12.04 Artur Sveen f. 1918

12.04 Gunnar J. Bele f. 1937

#### MO

19.03 Olav Mogstad f. 1932

03.05 Ingeborg B. Sæter f. 1921

#### STRAUMSNES

22.02 Tore Nordheim f. 1944

29.03 Gunda Olise Kvisvik f. 1909

30.03 Idar Egil Tveit f. 1937

28.04 Bersvein Rakstang f. 1925

#### TINGVOLL

17.02 Kjellaug Pauline Holmeide f. 1945

24.02 Birger Levald Fossum f. 1935

13.03 Aslaug Johanne Stølen f. 1911

12.04 Elmar Karsten Hegerberg f. 1923

18.04 Inger Anne Sæterbø f. 1944

23.04 Kirsten G. Folden f. 1921

#### ØRE

26.02 Liv Haldis Sæther f. 1933

19.03 Borghild Heggem f. 1917

26.04 Norvald Nilssen f. 1917

01.05 Solveig Bjerkeset f. 1916

#### GJEMNES

11.04 Alf Peder Blakstad f. 1912

17.04 Ole Blakstad f. 1916

## Frivillig kontingent

Bruk giroen i bladet, så kan vi halde fram med å sende ut Kyrkjebladet!

Med helsing frå styret for Kyrkjebladet.



Styret for Kyrkjebladet har ein representant frå kvart prestegjeld. Tilstades på møtet i mars var Ola Bræin (Sunndal), Ola Røe (Stangvik), Geir Magne Heggset (Surnadal), Tove Halseth (Gjemnes), Petter Dahle (fung. prost), Einy Rendal Elgsæther (redaktør – og fotograf) og Synnøve Bjørndal (styreleiar og red.sekr.).

# VEKKJING

## Andakt ved Einy Rendal Elgsæther

I gamle dagar var det ikkje så uvanleg å tala om vekkjing, «vekkelse», i alle fall i åndeleg og religiøs tyding. Dei siste åra, eller året, har vore ei vekkjingstid på mange måtar. Vi har opplevd ei enorm internasjonal miljøvekkjing som var utenkjeleg for kort tid sidan, da berre enkelte rare naturvernarar var opptekne av å redusera forbruk og forureining. I dag er desse orda på alles lepper.

Eller når eit lite barn forsvinn og born blir drepne, så vekkjer det oss opp til å sjå det enkelte menneskets verd. Menneskeverdet.

Vi kan også registrera ei oppvakning i høve til vår identitet som eit kristent folk og ein kristen kultur. Ei vekkjing til å sjå kva vi har i den kristne arven, kva det betyr å byggja samfunnet på kristne verdiar og etikk, og kva vi kan mista.

Det er ikkje alle i dag som veit kvifor vi feirar St Hans, Jonsok, som vi snart skal gjera. Kor mange hugsar på døyparen Johannes når vi tenner St Hansbålet, og minnest at han gav livet for trua si på Jesus? Johannes var kompromisslaus når det galdt å vitna om Jesus og fylgja hans liv og lære.

Og kor mykje tenkjer vi på dei som opp gjennom tidene har gjeve livet sitt for å vitna

om Kristus, og alle dei som i dag opplever forfylgjing og til og med martyrdøden. Ikkje slik «martyrdød» som sjølvmoordsbombarane gjer for å spre terror og gru og død, men som ofrar livet sitt berre fordi dei står fram med si tru. Det er ein vekkjar for oss når tre uskuldige kristne blir kynisk halshogde i eit land som Tyrkia, som står oss så nær at dei søker EU-medlemskap. Ein vekkjar. Når landa i Midt-Austen tømest for kristne. Kristne som møter hat og intoleranse.

Det kristne evangeliet er ordet om nåde og miskunn. «Kven er ein Gud som du, som tek bort skuld og tilgjev brot -?» seier profeten Amos. Vi kjenner ein Gud som tilgjev vår skuld, som kjem med nåde og miskunn, som inviterer til fellesskap med dei sterke orda: «Kom, for alt er ferdig!» (Luk 14) Når vi høyrer dei orda, kan vi koma, for Jesus seier: «Kom til meg, alle de som slit og har tungt å bera; eg vil gje dykk kvile!» (Matt 11,28) Det kan bli ei sann vekkjing.

Og det er den største rikdom vi kan ta vare på, i heim og kyrkje, i skule og samfunn. Det er større rikdom enn olje og naturressursar.

## Lokal kyrkjetekstil

Målfrid Bølset frå Tingvoll driv verkstad med syng av kyrkjetekstilar for heile landet. Frå 1992 har ho sydd albaer (kjolar) og skjorter for prestar, kateketar og diakonar, og konfirmantkapper. Ho har ikkje tal på kor mange. Tidlegare arbeidde ho med veving, men i 1991 spurde prost Hjorthaug kvifor vi ikkje laga norske prestekjolar, men måtte få dei frå utlandet. Kristine Hagen ved Krivi Vev tok straks opp ideen og sa at dersom Målfrid ville sy, skulle ho veva stoffet. Etter avtale med Gudstenesterådet, som vart imponerte over tanken, kom dei i gang. Verkstaden er på stabburet hos Målfrid, med alle maskiner og utstyr, men også gammelt inspirerende inventar og eit spesielt miljø med golvplankar frå 1868.

«Eg er glad i gudstenesta,» seier Målfrid, «og eg ser kor viktig det er at vi som arbeider der er skikkeleg kledde, og ikkje slurvete påkledd i siste liten. Det som er i kyrkja skal ha kvalitet.»

Ho har sjølv arbeid i kyrkja som klokkar i 16 år, og tykte det var ein fin kombinasjon. «Da fekk eg god kontakt med det kyrkjelege.» Etter kvart såg ho også på behovet for ein arbeidsdrakt for diakonar og klokkarar, eller andre som deltek i gudstenesta. Ofte var den private påkleddinga forstyrrande for gudstenestefeiringa. Så Målfrid tok initiativ til ein høveleg drakt også for desse, og fekk det vurdert og godkjent, noko som har vore

høgt verdsett av Gudstenesterådet og Kyrkjerådet.

Målfrid syr etter individuelle mål og mønster laga av ein konstruktør, godkjent frå Gudstenesterådet. Prestekjolane er laga av tynn ull, som er det beste stoffet. Ho lagar ikkje stolaer eller messehaklar, men samarbeider med kjente kunsthåndverkarar som vev, broderer og applikerer. Ho får mykje god inspirasjon gjennom desse og ved å delta to gonger i året på draktdagen for kyrkjetekstilar og kunsthåndverk i Oslo. Ho seier ho lærer mykje om symbolikk av tekstilkunstnarar.

Det er no bestemt at fargene på skjorter skal vera blå eller svart og grå for prestane, grøn for diakonar og kateketar. Biskopane brukar gjerne fiolett.

Prestestudentane får også no opplæring i bruk av tekstilar og kyrkjekunstsymbolikk. Turid Lundby, konsulent på tekstilar i gudstenesterådet/kyrkjerådet, har praktiske og «matnyttige» foredrag for studentane.

Målfrid Bølset seier ho er privilegert som får laga klede til kyrkjeleg bruk, og ho bed for dei som skal bruka desse.

ERE







# HALSA

Halsa - Valsøyfjord

Soknepresten 71 55 96 38  
 Kirkekontoret 71 55 96 39  
 E-post kirkeverge: kirkeverge@halsa.kommune.no  
 Bildet: Halsa kirke

## Kledd for anledninga

Jeg trives i mange slags klær, i alt fra T-skjorte og afrikanske bomullsbukser til alba og messehakel. Det gjelder bare å finne det som høver til anledninga. Når jeg stiller opp som bare Erik, kjennes valget friere og da er det heller ikke så farlig hva jeg stiller i. Det skjer på egne vegne.

Andre ganger står jeg der på kirka sine vegne. Noen ganger innebærer det at jeg bruker presteskjorta med rundsnipp. Uansett kjenner jeg på at det stilles andre krav. Klær betyr noe. De er med og preger møtet vårt med mennesker.

Jeg har fått det store privilegiet å forrette gudstjenester og kirkelige handlinger. Da er det ikke lenger jeg som velger farger og plagg. Når jeg vender meg mot alteret sammen med menigheta, og når jeg snur meg mot kirkeskipet med orda fra Gud, da får jeg bære klær som og har et meningsinnhold. Albaen, den kvite dåpsdrakta, som minner oss om at vi er ei forsamling av døpte, stolaer og messehakler med farger og symboler som formidler både mening og skjønnhet. Mange ganger opplever jeg at de liturgiske klærne bærer meg minst like mye



Valsøyfjord kirke har 4 messehakler som er laget av tekstilkunstneren Ragnhild Arneberg. Foto: IR.

som jeg bærer dem. Jeg får lov å være ikledd plagg og tradisjoner med bærekraft.

*Erik Blomstrøm*

## Gudstjeneste i Saltrø grendahus 22. april

Leder for utvalget for Saltrø grendahus, Helge Rodal, sier det er godt å se at grendahuset kan brukes i flere sammenhenger, og at det dugnadsarbeidet de hvert år nedlegger i oppussing, vedlikehold mv. har sørget for at også de i utkantene har et lokale egnet for bl.a. gudstjenester, som blir holdt to ganger i året.

*ERE*



Det var Helselaget med sin leder Ragnhild Bjerknes som sto for kaffe-koking og bakst til kirkekaffen. Foto: Helge Rodal.

## Storstilt dugnad ved Halsa kirke

10. mai gikk startskuddet. Det felles målet er å få en kirke vi igjen kan være stolte av. I dag troner kirken mot oss slitt av tidens tann. I løpet av sommeren skal den igjen oppstå som den ærverdige og flotte kirken som den en gang var.

Halsa kirke var tidligere omtalt i NAF sin veibok som "en av Norges vakreste landskirker", forteller leder i lokalutvalget Lars Indreiten. Han har som intensjon at dette skal være dekkende igjen etter at dugnaden er over.

Lokalutvalget for Halsa og Løvik krets har tidligere hatt en idedugnad for å sette søkelyset på hva en ønsker å gripe fatt på i nærmiljøet. Det var her kirken ble nevnt.

Da lokalutvalget drøfta saka med Halsa kirkelige fellelsråd, som på sin side var svært glad for at det ble tatt et slikt initiativ, ble det enighet om først og fremst å satse på å få kirka mala.

Fram til medio juni blir det altså organisert dugnader på tirsdager og torsdager fra kl. 18.00 og utover kvelden til om lag 21.30.

I første omgang vil en starte opp med skraping og vask av kirkebygget. Når det gjeld vaskinga av kirka har Halsa brannvesen tilbydd seg å bistå med dette. Ellers har også det lokale næringsliv vært svært hjelpelig. Vågland Båtbyggeri har lånt ut stillas vederlagsfritt. Gunnar Kåre Røe vil være hjelpelig til å betjene lift ved arbeid opp på de høyeste områder. Kommunen har tatt på seg å utføre malingsarbeidet i tårnet og eventuelt andre områder som er vanskelig tilgjengelig. Så velvilligheten og dugnadsånden er stor.

Som alternativt og supplerende arbeid vil nytt gjerde ved øvre kirkegård mot øst prioriteres. Likeså rydding av kratt og trær,

beplanting og opparbeidelse og grusing av interne veier. Utstyr til dugnaden skal være på plass, men det er ønskelig at motorsag og utstyr til beskjæring av trær tas med av den enkelte som har tilgang til dette.

*Ingunn Reiten*



Halsa Sanitetsforening bidrar med servering av kaffe og "noko attåt" alle dugnadsdager. Ikke bare skal det gjøres en god jobb, men vi skal ha det kjekt sammen også.



# SURNADAL

Øye - Mo - Ranese

Kyrkjekontoret 71 65 70 60  
 Telefaks 71 65 70 61  
 Sokneprest Stangvik 71 66 33 30  
 E-post kyrkjeværje: ingeborg.nordlund  
 @surnadal.kommune.no  
 Biletet: Ranese kyrkje - Stangvik kyrkje



## Arena:Kirke

I 2007 feirer både Rindal sokn og Rindal kommune 150 år, og i den forbindelse ble det tatt initiativ til et samarbeid mellom Rindal sokn og hovedkomiteen for 150-årsjubileet som skulle sette fokus på kirkerommet som kulturarena. Tittelen på samarbeidet ble "Arena:Kirke" og består av en rekke kulturarrangement utover jubileumsåret hvor konserttiltak nok er i "flertall", men hvor også utstillinger, foredrag og drama vil være en del av programserien.

Vi startet opp allerede 17. mars med konsert i Øvre Rindal kapell med "Svevestøv" og "Toner fra Trollheimen", fortsatte med "Ytre Suløens Jassensemble" og ELG som hadde konsert i april. I mai har det vært "Barn og unges kirkekonsert" og orgelkonsert med Oddgeir Nossen. Neste arrangement vil være kunstutstilling med verker etter Kalla Skrvøseth og ikke minst kirkekonsert med Kristin Asbjørnsen og band med konsertprogrammet "Spirituals" under årets Kulturvøkku. Konserten bygger på Kristins soloplate fra høsten 2006, som tar utgangspunkt i Afro-amerikanske spirituals, og både plate og konsert har fått over-



Ole Trygve Foseide, Arne Martin Aandstad og Morten Møller ønsker velkommen til utstilling med bilder av Kalla Skrvøseth og konsert med Kristin Asbjørnsen i Kulturvøkku. Foto: SB.

strømmende kritikker. Vi er veldig glade for å få besøk av Kristin og bandet, da det kun er få steder i Midt-Norge som vil få besøk i løpet av sommeren.

Senere i høst vil det bl.a. komme konserttilbud med Henning Sommerro og Edvard Hoem, Griegaften med Turid Røen Kroknes og et nasjonalt navn når vi nærmer oss jul.

*Morten Møller*

## Jubileumsfeiring i Rindal



Rindal sokn  
**150 år**  
 1857 - 2007

Ved kongeleg resolusjon av 26. august 1857 vart det vedteke at Rindal skulle vera eige prestegjeld og eigen kommune. Til då hadde kommunen og prestegjeldet hatt grenser som omtrent svarar til Rindal, Mo, Øye og Ranese sokn. Frå no av skulle det bu ein eigen prest i Rindal, og rindalingane skulle sjølv styra med skule, fattigstell og andre saker i bygda.

Er dette noko å feira?

Både i kommunen og i kyrkjelyden meiner vi at det er det, og i heile 2007 markerer vi 150-årsjubileum for Rindal som eiga kyrkjeleg og kommunal eining. Markeringa tjuvstarta nokre timar før året gjekk

inn, og held fram gjennom heile 2007.

Hovudmarkeringa er lagt til helga 25. og 26. august. Laurdag har den kommunale jubileumsnemnda ansvar for fleire arrangement, m.a. eitt ved minnesteinen over John Neergaard, som var sentral då formannskapslova vart innført i 1837.

Søndag 26. august kl.11 er det jubileumsgudsteneste i Rindal kyrkje. Barnekoret og andre musikalske krefter deltek, i lag med fleire prestar med ulik tilknytning til Rindal. Etterpå inviterer soknerådet alle til kyrkjekaffi.

I og for seg er det ingen grunn til å feira at rindalingar og surnadalingar fekk mindre med kvarandre å gjera. Tvert om kan det vera på sin plass å oppmuntra til tettare samarbeid med nabokommunane våre. Men det er grunn til å vera stolte over at vi står på eigne bein, får ta hand om våre eigne saker - kyrkjelege så vel som kommunale. Slik sett kan 2007 vera eit godt høve til å stogga opp, tenkja etter kva vi har oppnådd og kvar vi vil vidare.

*Magne Bjørndal*

## Fasteaksjon 2007

Stor takk til konfirmantar og vaksne som var med og bar fastebøsser og bidrog med skyss, og stor takk til alle som gav pengar i bøssene. Resultatet for kyrkjelydane i Stangvik, Surnadal og Rindal vart slik (med tala i parentes for i fjor):

Øye/Ranese sokn	kr 34.625,00 (kr 34.703,50)
Mo sokn	kr 9.535,50 (kr 10.730,00)
Stangvik sokn	kr 8.805,50 (kr 10.228,50)
Åsskard sokn	kr 11.867,50 (kr 11.579,50)
Todalen sokn	kr 7.442,00 (kr 7.453,50)
Rindal sokn	kr 35.628,00
Totalt innsamla	kr 107.903,00 (kr 74.692,00)

**Misjonsmesse for Normisjon**  
 på Kyrkjelydshuset 22. sept.

## Sjeldne gjester



Dei mange frammøtte på Kvanne bedehus 16. mars fekk eit unikt møte med dei fremste leiarane i samarbeidskyrkja vår i India, Northern Evangelical Lutheran Church (NELC):

Biskop preses Shiblal Soren, dr. Joyen Kisku, overlege ved Mohulpahari Christian Hospital og synodepresident for NELC, og kyrkjeseekretær Saroj Chand Jha. I samband med samarbeidskonferanser med misjonsorganisasjonane i Norge, Sverige og Danmark var dei her i distriktet på privat besøk hos Elgsæther i Todalen. Men misjonsfolket verdsette møtet med dei og gav ein festkollekt på over 7000 kr.

*ERE*



## STANGVIK

Stangvik - Todalen - Åsskard



## RINDAL

Rindal sokn

Menighetskontoret 71 66 47 55  
Telefaks 71 66 47 01  
E-post kirkeverge:  
ingeborg.nordlund  
@rindal.kommune.no  
Bildet: Rindal kirke

# Kyrkjekveldar med liv og røre

Kyrkjene i Rindal, Stangvik og Surnadal var fylte med ungdommeleg liv og røre på tidlegvåren da 6-10-åringane hadde sine "Kyrkjekveldar".

Det felles dåpsopplæringsprosjektet har barnekveldar med kyrkjevandring og hyggesamver som eitt av sine hovudelement – ved sida av DVD'en "Kyrkja mi" og tilbodet om sommarleirar. Oppslutninga var stort sett god, og gjennomføringa gjekk bra i alle sokn.

Med ein kvinneleg "dokkeprest" og ein traust kyrkjedokkemann i hatt og frakk som symbolsk vertskap kunne ungane innta sine egne kyrkjer til "bli-kjent-vandring" frå våpenhus til klokketårn, frå døypefont til orgelgalleri og elles over alt i det spennande bygget.

Døypefonten stod bokstaveleg tala sentralt – i rollespel med dokkedåp og flott seremoni. Presten tok gjestene med til sakristiet, altaret og preikestolen. Ved lysgloben var det rørende å tenne lys for ein venn. Soldatbautaene ute, våpenhuset ved inngangen, kyrkjeskipet og orgelgalleriet fekk besøk. Og dei små kyrkjeieigarane fekk prøve det meste.

Bernt Bøe



Samling om døypefonten i Mo kyrkje.  
Foto: ERE.



Så var det bollar og "orgelbrus" etter vandringa – som her i Todalen. Foto: BB.

### Basar til inntekt for Surnadal Kyrkjelydshus

Tirsdag 17.04.07 vart det halde basar til inntekt for vedlikehald og innkjøp av møblar og utstyr til Surnadal kyrkjelydshus. Ein stor takk til alle som var med og hjelpte til med nummersal på forretningane og på basaren, og til dei som stilte opp med gevinstar og elles hjelpte til med det praktiske opplegget på basaren. Sist, men ikkje minst, takk til alle som tok nummer.

Totalt kom det inn kr 23.730,-

### Soknerådval i Stangvik og Todalen

Det er opna for forsøk med val anna kvart år på halvparten av medlemene i soknerådet. Stangvik og Todalen er med på denne ordninga og skal ha soknerådval hausten 2007.

Valet vert samstundes med kommunevalet måndag 10. september.

Valliste og informasjon vert delt ut til alle husstandar i Stangvik og Todalen før valet.



### Normisjon

Møte i kyrkjelydshuset søndag 10. juni kl 11.00. Talar: Ottar Leirvik.

**Bønemøte** i kyrkjelydshuset kvar måndag kl 20.00.

## Stangvik:

# Kyrkjestad i 600 år

*Dagens Stangvik-kyrkje (frå 1897) er den tredje på staden. I år kan vi feire 600-årsminne om den første kyrkja her – stavkyrkja frå 1407. Dette vil bli markert rundt olsokdagen 29. juli.*

Stavkyrkja stod til 1783 – da både kyrkja og prestegarden brann ned etter lynnedslag. Materielle minne finst nesten ikkje – bortsett frå at malm frå ei av klokken skal vera brukt i den noverande storklokka, som vart omstøyppt i 1835. Dessutan eksisterer det ei sølvskei frå prestegarden anno 1763 – med bokstavane til presten *Edvard Meyer Thyholm* og kona *Sophie Cathrine* (f. Borch).

– "En af de mærkvedigste gamle Bygninger nordenfjælds" skreiv vitskapsmannen Gerhard Schøning da han besøkte og skreiv om kyrkja i 1773. Det var ei stor korskyrkje med høgt tårn og spir. Kvar korsarm hadde doble søylerader – altså med "midtskip" og "sideskip". Innvendig var ho pryda med

bibelske kunstverk frå tida etter reforma-sjonen. Det meste av preg frå katolsk tid var fjerna.

Ein skulptur av *St. Olav* overbeviste Schøning på at stavkyrkja opprinneleg var vigsla til helgenkongen. Elles nemner han særleg eit måleri over *Jona* (som vart slukt av ein fisk, men berga); dette var truleg ei gåve frå engelske og hollandske sjøfolk. Elles var det minnetavler over fleire tidlegare prestar.

Kyrkjegarden var vakker og beplanta med bringebær-buskar. Dette, seier Schøning "kan ogsaa tjene til at hindre Skadeligheden af de fra Kirkegaarden opstigende Dunste". Dessutan: "I Kirken findes Liig, som have ligget meget længe, endnu ganske hele."

I brannen 1783 omkom tenestejenta i prestegarden, *Katrine Larsdatter* frå Orkdalen. Presten Tyrholm mista alt sitt, og alle

kyrkjebøker og dokument strauk med – til stort tap for ettertida.

Ei mindre korskyrkje vart reist i 1784 og stod til 1896, da bygginga av den noverande Stangvik kyrkje tok til.

600-årsmarkeringa blir synleggjort i samband med kveldsgudstenesta olsokdagen 29. juli og ved andre høve i løpet av året.

Heftet "Kyrkja i Stangvik" har mykje stoff om det interessante kyrkjebygget frå 1407.

Bernt Bøe



Klokkar Randi Vetleseter Bøe har tenkt seg at stavkyrkja frå 1407 såg slik ut – etter Schønings omtale og etter modellar av tilsvarande kyrkjebygg frå same tid.



# “Kjærleikens telt”



Raud messehakel frå Åsskard kyrkje. Foto: ERE.

Når presten bruker liturgiske klede, er det eit uttrykk for at det ikkje er presten som privatperson, men presten i rolla som Guds tenar vi møter.

“Når biskop, prest og diakon tar av seg sine hverdagslege klær, rister de også symbolsk av seg sitt gamle jeg – og når de fremstår i de liturgiske klærne, er det Kristus de har ikledd seg.” (Kunsthistorikar Gunnar Danbolt)

Messehakel vert brukt når det er nattverd, på høgtidsdagar og på festgudstenester.

“Messehakel fikk tidlig betydning som **kjærlichetens kledning**. Det latinske ordet **casula** betyr 'lite telt', formen på en casula var rund med et hull til hodet i midten. Det skulle

symbolisere at presten trådde inn i kjærlichetens telt.” (Lundby)

Solveig Rydland og Solveig Sandberg har skrive bok om messehaklar frå Valdres. Dei viser at det har vore ulike tankar om korleis messehaklane skulle utformast gjennom tidene.

## 1. Dei gamle messehaklane, før 1950

Dei eldste messehaklane som vi finn i kyrkjene våre, var laga av raud fløyel med gylne bordar. Dei fleste har kors på ryggen. I kyrkja skulle ein ha det beste som kunne skaffast og kongeleg fløyel med vakre band gav haklane eit verdig preg. Korså var laga av metallband, silke eller fløyel. Fleirtalet av haklane er raud. Dette var rekna

som ein høveleg farge og kunne minne om Jesu blod og Jesu frelse i nattverdvinen. Haklane har romansk form; dei når til skulderkanten og er hoftelange. Desse messehaklane står i ein felles europeisk tradisjon.

## 2. Serieproduserte messehaklar 1930-1990

Norskdomsrørsla på byrjinga av 1900-talet gjorde at ein vart oppteken av å skaffe norske tekstilar til kyrkjene. Tidlegare var ikkje det heimegjorde sett på som fint nok til bruk i kyrkja. No gjekk ein bort frå eksklusiv fløyel og silke til det meir jordnære; ull og lin.

Husfliden bygde opp ei eiga kyrkjetekstilavdeling og leverte ei stor mengd tekstilar til kyrkjene utover 30-talet og i etterkrigstida. Også andre produsentar har laga produkt til kyrkjene, mellom anna Kirkelig Kulturverksted.

Dei fleste messehaklane var framleis raud, men då dei liturgisk fargane vart innførte i 1969 blei det bruk for kyrkjetekstilar i fleire fargar og mange kyrkjer har skaffa seg messehaklar i dei fire liturgiske fargane.

Korsset var framleis eit vanleg symbol, men det blei meir vanleg med andre og meir abstrakte symbol. Vi fekk haklar med innvove dekor, broderi og applikasjon.

Forma var i starten romansk, men etter kvart fekk stadig fleire casulaform, dei er runde og vidare over skuldrene.

## 3. Lokalproduserte messehaklar frå 1960

Frå 1960 blei det lagt vekt på at kyrkjetekstilane skulle ha tilknytning til den lokale kulturen og passe i kyrkjerommet. Messehakelen skal fungere saman med det andre interiøret i kyrkja og produsenten må gjere seg kjend med kyrkja, med fargar og symbol.

“Eg har vel glåmt meir på kyrkjetekstilar enn eg har høyrte på presten,” seier Berit Rambech som har laga messehakel til Reinsli stavkyrkje.

Kyrkjemøtet har laga rettingsliner for liturgiske klede.

Det er fastset at ein messehakel skal ha god lengd og vidde. Biskopen skal godkjenne stoff, farge, symbol og utføring.

Frå eit sokneråd gjer vedtak om å skaffe ein ny messehakel til den kan takast i bruk, er det ein lang prosess. Kunstnaren skal gjere seg kjend med kyrkja og ønska til oppdragsgjevaren, det skal lagast teikningar og stoffprøver, biskopen skal godkjenne planane og så skal messehakelen lagast. Resultatet blir eit kunstverk som er tilpassa kyrkja og som kyrkjelyden kan ha glede av i lang tid.

“Å arbeide med kirketekstiler er et utrolig viktig arbeid. Jeg lager ikke en fin stola eller messehagel for at presten skal ta seg godt ut, men for at kirkegjengerne skal få hjelp til å forstå. Kirkens tekstiler er med på å forkynde budskapet. De skal fortelle om Gud. Intet mindre.” (Bildekunstner Ann Rasmussen i Vårt Land 30. mars 2007)

*Synnøve Bjørndal*

## Kjelder:

“Kirketekstilenes bakgrunn og bruk” Artikkel av Turid Lundby.

Solveig Rydland og Solveig Sandberg: Trådar mellom himmel og jord. 2005.

## Kyrkjeblad for Indre Nordmøre

Utgevar:  
SOKNERÅDA PÅ  
INDRE NORDMØRE

REDAKTØR:

Einy Rendal Elgsæther  
6645 Todalen  
71 66 02 81

E-post: ole-einy@frisurf.no

REDAKSJONSSEKRETÆR:

Synnøve Bjørndal  
E-post: synnove.bjorndal@  
rindal.kommune.no

BLADPENGAR:

Frivillig kontingent  
Kyrkjeblad for Indre Nordmøre  
Kontor Service A/S  
Postboks 72  
6630 Tingvoll  
Bankgironr.: 4050 40 46232

SATS/REPRO/EKSP:

ASPLI Grafiske  
71 66 50 80  
Fax 71 66 50 81  
E-post: post@aspli.no  
6657 Rindal

TRYKK:

Wennbergs Trykkeri AS  
72 88 98 00  
7075 Tiller